



**DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/614-

11.11.2016

Guleslettene Vindkraft AS - Guleslettene vindkraftverk i Bremanger og Flora kommunar - Klagesak

1 Bakgrunn

Guleslettene Vindkraft AS (GVAS) søkte 25. august 2011 om konsesjon til bygging og drift av Guleslettene vindkraftverk i Bremanger og Flora kommunar. Dei søkte samstundes om samtykke til oreigning og om samtykke til å sette i verk oreigningsinngrep før det ligg føre rettskraftig skjøn. SFE Nett AS søkte om konsesjon for naudsynt nett for å kople til vindkraftverket.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) fatta 8. oktober 2014 vedtak i saka, der GVAS fekk konsesjon til vindkraftverket. Konsesjonen gjeld inntil 160 MW installert effekt, tilsvarende ein årleg produksjon på 420-460 GWh. Planområdet omfattar eit areal på 29 km² på mellom 400 og 700 meter over havet. NVE gav samstundes konsesjon til SFE Nett AS for nettløysinga, ein om lag 30,5 km lang ny 132 kV leidning frå Magnhildskaret til Svelgen. Kraftleidninga er naudsynt for å knyte produksjonen frå Guleslettene vindkraftverk til nettet. Vedtaket om nettløysinga vart klaga over og blir handsama som eiga sak. NVE gav òg samtykke til oreigning. NVE valde å ikkje handsame søknaden om samtykke til å sette i verk oreigningsinngrep før det ligg føre rettskraftig skjøn.

Vedtaket frå NVE blei klaga på av følgjande personar og organisasjonar:

- Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane (FNF) på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Norsk Ornitologisk Foreining, avdeling Sogn og Fjordane
- Stein Malkenes

Riksantikvaren (RA) fremja i høyringa motsegn til Guleslettene vindkraftverk. Motsegna er grunnlagt med at granskingsplikta i kulturminnelova § 9 ikkje er oppfylt, og at konsesjonæren ikkje har søkt RA om utsetjing. RA har trekt motsegna i brev av 27. april 2016 etter at potensialundersøkingar vart gjennomførde av Sogn og Fjordane fylkeskommune med middels potensial for funn som resultat. Gjeldande retningslinjer påpeikar at granskingsplikta kan oppfyllest etter eit eventuelt konsesjonsvedtak. Grunnlaget for motsegna er difor ikkje lenger til stades.

GVAS kommenterte klagen i e-post av 4. desember 2014.

NVE har vurdert motsegna og klagen i brev til departementet av 10. februar 2015, og har ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket.

NVE vurderte at Stein Malkenes ikkje hadde rettsleg klageinteresse. NVE avviste difor klagen, ved brev av 10. februar 2015. Malkenes klaga på avgjerda frå NVE. Departementet omgjorde avgjerda frå NVE ved brev av 27. mai 2015, slik at klaga frå Malkenes vart teken til handsaming.

Departementet gjennomførte synfaring av planområdet 9. august 2015 saman med representantar frå klagarane og GVAS. Det blei i samanheng med synfaringa heldt møte der GVAS, kommunane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og klagarane var til stades.

På synfaringa kom det opp spørsmål om plasseringa av turbinar på Slettevarden, noko mellom anna Flora kommune og Sogn- og Fjordane turlag har hatt merknadar til. I ettertid ba departementet GVAS vurdere alternative plasseringar av dei aktuelle turbinane. I brev av 10. februar 2016 har GVAS vurdert tre ulike alternativ for tilpassingar av turbinar på og rundt Slettevarden, av omsyn til friluftslivet. Konsekvensane for kraftproduksjonen og for prosjektøkonomien ble vurdert, og GVAS konkluderte med at det ikkje er heldig for økonomien i prosjektet at turbinar blir flytta vekk frå området kring Slettevarden for å plasserast andre plassar der vindforholda ikkje er like gode. GVAS seier vidare at turbinane kring Slettevarden kan plasserast slik at turstien og skiløypa fram til toppen av Slettevarden går i trygg avstand frå vindturbinane i området. GVAS vil merke turstien og skiløypa for å trygge avstanden frå turbinane til skiløypa.

Bremanger og Flora kommunar er positive til at det blir gitt konsesjon til vindkraftverket. Dei ber om at det vert gjennomført avbøtande tiltak, mellom anna av omsyn til landskapet. Sogn og Fjordane fylkeskommune tilrår konsesjon for vindkraftverket, men ønsker tilpassingar nordvest i planområdet for å minimere verknader for kulturlandskapet på Botnane. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er positiv til at vindkraftutbygging i fylket skal konsentrerast i større områder, og meiner at utbygging av Guleslettene vindkraftverk med unntak av vindturbinane lengst vest, vil vere akseptabelt. Miljødirektoratet har gitt tiltaket konfliktkategori D for temaa miljø og kulturminne.

2 Klagar

Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane (FNF) klagar på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Norsk Ornitologisk Foreining i Sogn og Fjordane, på vedtaket frå NVE om konsesjon til Guleslettene vindkraftverk med tilhøyrande nettanlegg. FNF meiner det er store konflikhtar med friluftinteressene, landskap, og omfattande bortfall av urørt natur. Forumet meiner òg at det truleg er store, ikkje dokumenterte konflikhtar når det gjeld fugl, inklusive flykorridorar for trekkfugl. I same brev klagar FNF på vedtaket frå NVE om konsesjon til Vågsvåg vindkraftverk med tilhøyrande nettanlegg i Vågsøy kommune.

FNF meiner at vindkraftverket har store konflikhtar med kulturminne, og til dels store konflikhtar med reiseliv, medrekna visuelle konflikhtar med reiseliv på sjøen, som dei meiner er sterkt mangelfullt omtala. På enkelte fagområde meiner FNF at NVE har brukt konkrete faktafeil i vurderingsgrunnlaget. FNF hevdar og at det er ei mangelfull vurdering av samla verknader på ei rekkje fagområde. Klagaren meiner at NVE ikkje har gjort ei god vurdering av samla verknader for denne utbygginga sett i samanheng med andre utbyggingar av vindkraft, vasskraft og kraftleidningar som har fått konsesjon i Sogn og Fjordane.

FNF syner til eit program for "*Overvåking av langtransportert forurensset luft og nedbør*", i regi av dei statlege forureiningsstyresmaktene, først Statens forurensingstilsyn, no Miljødirektoratet. Den einaste innsjøen nær kysten i Sogn og Fjordane som er blitt brukt i dette forskingsarbeidet, er Langevatnet lengst nord i Flora kommune. Klagaren meiner at vindkraftverket vil vere i konflikt med forskingsarbeidet. NVE har i høyringsfasen vorte godt informert om problemstillinga, men har i "Bakgrunn for vedtak" valt å ikkje nemne den. Dette meiner klagaren er ein sakshandsamsfeil.

I tilleggsgrunngjeving sendt av FNF den 13. november 2015, skriv dei at NVE einsidig vektlegg og prioriterer å gi konsesjon til prosjekt med ekstraordinært gode vindtilhøve og der dei økonomiske utsiktene for prosjekta er mindre dårlege enn for andre prosjekt. Som konsekvens meiner klagaren at miljøomsyna blir dels sterkt nedprioriterte.

FNF meiner det er store konflikhtar med friluftinteressene. Dei viktigaste turmåla inne i det planlagde vindkraftområdet er toppane Slettevarden og Grøfjellet i sør, og Skudalsnipa i nordvest. FNF meiner at stort sett heile planområdet blir brukt nesten heile året til ulike typar friluftsliv både til fots og på ski, og med aktivitetar som vanleg turgåing, fiske, jakt, bærplukking, bading og liknande. FNF er også bekymra for iskastfare ved utøving av friluftsliv i området. I tillegg skriv FNF at det er eit stort tal turmål i nærområdet til vindkraftverket som vil bli påverka av støy og visuelle ulemper.

Stein Malkenes klagar i brev av 3. november 2014. Malkenes er primært bekymra for drikkevasskjelda si. Han skriv òg i brev til departementet av 29. august 2015 at han krev utsetting av konsesjonsvedtaket, og kjem med ei oppmoding om at departementet tek inn vilkår om sikring av drikkevasskjelda. Han har i tillegg skrive eit brev til departementet 5. januar 2016 med kommentarar til konsesjonshandsaminga.

3 Departementet sine merknadar

Grunngjevinga for klagene er i stor grad overlappande, og departementet handsamar difor klagene tematisk.

Konsesjon til vindkraftanlegg kan berre bli gitt dersom fordelane ved tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, jf. energiloven § 3-1, jf. § 1-2. Energilova skal sikre at produksjon, omforming, overføring, omsetjing, fordeling og bruk av energi føregår på ein rasjonell måte for samfunnet, og det skal takast omsyn til allmenne og private interesser som blir påverka.

3.1 Grunnlaget for avgjerda

I samsvar med naturmangfaldlova (nml.) § 8 første ledd bygger departementet klagehandsaminga på følgande dokumentasjon som kunnskapsgrunnlag i saka:

- Konsesjonssøknaden av 25. august 2011, med konsekvensutgreiingar.
- Konsesjonsvedtaket frå NVE av 8. oktober 2014 medrekna høyringsfråsegnene.
- Klagene på konsesjonsvedtaket og NVE si vurdering av desse i brev av 10. februar 2015.
- Departementet si synfaring 31. oktober 2015.
- Tilleggskommentarar frå FNF og Stein Malkenes
- Oppdaterte registreringar i Naturbase og Artsdatabanken.
- NINA Rapport nr. 825/2012: *"Fagrapport til strategisk konsekvensutredning av fornybar energiproduksjon til havs – sjøfugl"*

Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimelig høve til saka og risikoen for skade på naturmangfaldet. Departementet meiner at den samla dokumentasjonen i saka gir eit tilstrekkeleg grunnlag for å drøfte og vurdere effekten av vindkraftverket på naturmangfaldet slik nml. § 8 krev. Verknadene av tiltaket er beskrivne på tilstrekkeleg vis. Den samla dokumentasjonen gir eit godt grunnlag for den overordna avveginga av relevante omsyn, som skal skje etter energilova, jf. òg prinsippet i forvaltningslova § 17 om utgreiings- og informasjonsplikta.

Departementet syner til at NVE som ledd i konsesjonshandsaminga, har vurdert utgreiingane som er gjennomført i samband med søknaden. Når det gjeld vurderingane av verknadene på naturmangfald generelt, meiner departementet at utgreiingane både tilfredsstiller krava i utgreiingsprogrammet og utgjer eit forsvarleg kunnskapsgrunnlag for avgjerda, jf. nml. § 8 og forvaltningslova § 17. Når det gjeld fugletrekk, finn departementet at kunnskapen om i kva grad trekkande fugl nyttar dei vestlege deler av planområdet ikkje er tilstrekkeleg. Departementet meiner difor det må setjast vilkår om forundersøkingar gjennom ein trekkseong for å kartlegge fugletrekk i vestlege og nordvestlege delar av planområdene. Sjå omtala av vilkåret under.

Departementet meiner elles at saka er godt opplyst og at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte vedtak.

3.2 Friluftsliv, reiseliv, landskap og urørt natur

FNF meiner verknader for reiseliv særleg for turisttrafikken langs kysten i liten grad er omtalt i vurderinga frå NVE. FNF meiner at med dei konsesjonane som NVE har gitt til nå, vil det frå Solund til Sunnmøre bli ei nesten samanhengande utsikt til eitt eller to vindkraftverk, med unntak forbi Måløy. FNF nemner Lutelandet, Guleslettene, Hennøy, Vågsvåg, Mehuken og Okla vindkraftverk. meiner at det visuelle inntrykket frå sjøen langs kysten i stor grad vil vere dominert av vindturbinar. FNF skriv at NVE korkje har omtalt dette på ein skikkeleg måte eller har vektlagt det i nemneverdig grad. FNF oppmodar departementet til å redusere dei samla visuelle verknadene av vindkraftverka langs kysten av Sogn og Fjordane.

FNF meiner det er feil når NVE har lagt til grunn at populære friluftsområde ikkje vil bli rørt korkje direkte eller visuelt, og syner då spesielt til Kupevatnet som er mykje brukt av barnefamiliar. Forumet meiner kartet som viser kor turbinane vil vere synlege frå, syner at 1-12 turbinar blir synlege på sør- og vestsida av vatnet, og at det kan sjå ut til å bli synlege turbinar òg rett nord for vatnet.

Konsesjonssøkjjar meiner at ein i følge kartet må opp i fjellet om lag 300 meter nord for Kupevatnet for å sjå turbinar. I følge tiltakshavar syner kartet at vatnet blir lite visuelt rørt av vindkraftverket. Høgdeforskjellen mellom Kupevatn og næraste vindturbin er på nesten 300 meter, og avstanden i luftline er om lag to kilometer. NVE finn at man ikkje kan sjå bort frå at det vil bli synlege vindturbinar frå Kupevatn eller frå nærområda til vatnet. NVE har meint at det likevel ikkje vil være store visuelle verknader ved Kupevatn.

Direktorat for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet) gir tiltaket konfliktkategori D i tematisk konfliktvurdering for temaet landskap. Konfliktkategorien er grunngitt med at planområdet vil endre karakter frå urørt til industriprega, og at anlegget vil være synleg over store område, medrekna frå Florø. Direktoratet påpeiker òg at den vestlege grensa til Ålfotbreen landskapsvernområde ligg 12-13 km unna Guleslettene vindkraftverk.

NVE finn at området har stor regional verdi for friluftsliv, og at tiltaket vil gi store verknader for friluftsliv og urørt natur.

Ifølge NVE vil dei visuelle verknadene frå Guleslettene vindkraftverk saman med andre vindkraftprosjekt langs kysten i fylket, være store frå hav- og fjordområda og i ytre kystsone. NVE meiner at vindkraftutbygging kan redusere landskapskvalitetane i området og svekke opplevingar knytt til landskap og natur. NVE finn at vindkraftverket ikkje vil medføre vesentlege ulemper for reiseliv og turisme, sjølv om vindkraftverket for nokon kan redusere interessa for å besøke området, og dermed påvirke kultur- og naturbasert reiseliv i regionen i negativ forstand.

Guleslettene vindkraftverk vil føre med seg ein reduksjon på om lag 34 km² urørt natur. Det aktuelle området er eit av dei største urørte områda langs kysten av Sogn og Fjordane. NVE har konstatert at det aktuelle området ikkje er av ein type som er prioritert, og at tiltaket ikkje er i strid med retningsliner for planlegging og lokalisering av vindkraftverk.

Departementet meiner at vindkraftverket i stor grad vil påverke både friluftsliv og landskap og landskapsopplevinga i og rundt planområdet. Det at vindkraftverket i seg sjølv vil vere synleg frå fleire kjende turmål, medrekna frå fjorden, meiner departementet likevel ikkje i seg sjølv er til hinder for å gi konsesjon. Departementet konstaterer likevel at vindkraftverket vil gi store negative konsekvensar for friluftslivet, særleg ved Slettevarden og andre populære turmål i sjølv planområdet. Planområdet er eit ski- og fottuområde med kvalitetar som ikkje fullt ut kan dekkes av nærliggande alternative område. Fleire populære turmål og –ruter vil bli prega av inngrepet. Visuelle verknader i landskapet, støy, skyggekast og fare for iskast vil bidra til å redusere opplevinga for dei som søker stille og urørt natur. Populære turmål i det nære influensområdet vil òg bli påverka. For landskapet i planområdet vil verknadene bli store ved at eit område som i dag er urørt får eit industrielt preg med store tekniske installasjonar og vegar.

Etter departementet si oppfatning vil friluftslivverdiar og landskap bli påverka i betydeleg grad. Dei negative verknadene på landskap, friluftsliv og inngrepsfrie område er likevel ikkje av eit slikt omfang at det i seg sjølv overstig fordelane ved Guleslettene vindkraftverk.

3.3 Flora

Konsekvensutgreiinga peiker på at planområdet er prega av bart fjell med fattig fjellvegetasjon. Enkelte stader finst tettare skogsvegetasjon. Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar eller raudlista vegetasjon i Naturbase/Artskart eller ved gjennomført feltarbeid. Det er oppgitt at det er eit lågt potensial for naturtypen nordvendt kystberg og blokkmark – moserik fjellheutforming. Dersom desse er i planområdet er det mest sannsynleg ved bratte bergveggar. Fagutgreiinga peiker på at bratte bergveggar ikkje er eigna for plassering av vindturbinar og vegar, og at inngrepa difor ikkje vil påverke eventuelle førekomstar av moserik fjellheutforming

Basert på ei registrering frå 1903 av den raudlista mosearten praktdraugmose på grensa til planområdet, blei det lett aktivt etter denne arten under feltarbeidet. Den blei ikkje funne.

Departementet kan ikkje sjå at Guleslettene vindkraftverk vil påverke viktige naturtypar eller vegetasjon i særleg grad, og meiner derfor at etablering av vindkraftverket ikkje er i strid med forvaltningsmåla i nml. § 4.

3.4 Fugl og fugletrekk

Når det gjeld fugl, syner FNF til at fagutgreiinga er mangelfull, spesielt for trekkande fugl. Feltsynfaringar er blitt utførde til feil tidspunkt på året med omsyn til fugletrekk. Vidare syner forumet til observasjonar som tyder på at det går eit grågåstrekk vår og haust over Terdalen i planområdet. Alvar Melvær i Sogn og Fjordane Turlag har observert trekkande gjæser, truleg grågås, vest for Terdalskeipen. FNF skriv at det er planlagt fem turbinar (turbin nr. 35, 36, 37, 38 og 39) midt i den sannsynlege trekkruta, og at tre turbinar (turbin nr. 40, 41 og 42) ligg nær denne. FNF meiner det er kritikkverdig at NVE ikkje har innhenta, kvalitetssikra og nytta tilgjengeleg og dokumentert kunnskap i sakshandsaminga.

Fylkesmannen meiner at utgreiinga syner til lite relevante undersøkingar av verknader for trekkande fugl ved vindkraftutbygging til havs. Vidare gjer Fylkesmannen merksam på stor kunnskapsmangel om trekkåtfærd, og meiner det er uforsvarleg å gi konsesjon til vindkraftutbygging i regionen før det finst eit minimum av kunnskap om korleis trekkrutene fordeler seg. Fylkesmannen meiner at det må gjennomførast radarbaserte undersøkingar på trekkande fugl.

Miljødirektoratet uttaler at utgreiinga er mangelfull når det gjeld hekkande og overvintrande fugl. Direktorat har gitt tiltaket konfliktkategori C-D for naturmiljø. Konfliktkategorien er grunna i potensial for konflikt med raudlisteartar, kollisjonsutsatte rovfuglar og trekkande fugl. Miljødirektoratet har vurdert at konfliktgraden kan reduserast noko ved å fjerne vindturbinar i den vestlege delen av planområdet.

For vurdering av kunnskapsgrunnlaget for fugl har NVE synt til kapittel 3.8.2 i vedlegg til "Bakgrunn for vedtak". Verknadene av tiltaket for fugl er vurdert i kapittel 4.8 i notatet. Kunnskapsgrunnlaget for vurdering av verknader for fugl omfattar blant anna innkomne høyringsfråsegner. NVE har gjort ei vurdering av kor vidt innspela er relevante i tilknytning til vurderingane av verknadene av tiltaket for naturmiljøet. NVE skriv i kapittel 4.8.4 i "Bakgrunn for vedtak" at vindkraftverket ligg innanfor trekkruuter for fugl på vår- og hausttrekk. Mogelege verknader for fugletrekk er inkludert i den samla vurderinga av fordelar og ulemper ved tiltaket.

NVE har slutta seg til at det er generell kunnskapsmangel om fordeling av trekkruuter for fugl, og at det er avgrensa kunnskap om verknader for trekkande fugl ved etablering av vindkraftverk. NVE har peika på at erfaringar tilseier at trekkande fugl i stor grad unngår vindkraftverk. NVE konstaterer at det likevel er behov for å innhente generell kunnskap om verknader for fugletrekk. I den samanheng har NVE synt til at det er satt vilkår om for- og etterundersøkingar av verknader for fugletrekk ved fleire vindkraftkonsesjonar i Rogaland. Resultata frå etterundersøkinga ved Lista vindkraftverk i Vest-Agder vil kome før ein eventuell utbygging av Guleslettene vindkraftverk, og vil saman med andre etterundersøkingar kunne bidra til meir kunnskap om eventuelle verknader for fugletrekk.

NVE peiker på at det er utfordringar med å gjennomføre gode kartleggingar av fugletrekk. I samband med konsesjonshandsaming av fleire vindkraftverk i Rogaland, blei det gjennomført trekkundersøkingar av rovfugl i fleire område. Det har òg blitt satt vilkår om for- og etterundersøkingar av rovfugltrekket. NVE har påpeika at det i disse undersøkingane blei konkludert med at resultatet frå registreringar av slike fugletrekk vil vere avhengig av vær- og vindforhold. NVE meiner at det difor vil vere utfordrande å fastslå eit gjennomsnittleg år for fordeling av fugletrekk i eit område. Dei same utfordringane vil vere forbundne med radarundersøkingar.

NVE har meint at undersøkingar bør gå over fleire år slik at ein oppnår reelle tal på trekkfuglar i området og får oversikt over trekkruuter. I følge NVE er det ikkje noko som tilseier at området har en viktig funksjon for hekkande eller overvintrande fugl.

Kunnskapsgrunnlaget for hekkande og overvintrande fugl er i følge NVE tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. Når det gjeld krav til utgreiingar gjennom fleire sesongar, syner NVE til utredningsprogrammet av 2. juli 2009, som peikar på at det skal gjennomførast feltarbeid i relevante delar av året om eksisterande kunnskap er mangelfull. Feltarbeid skal supplere eksisterande kunnskap som kjem inn frå aktuelle styresmakter, fagmiljø og kunnskapsdatabasar. NVE har difor ikkje kravd at det skal gjennomførast feltarbeid over fleire sesongar. NVE har vurdert kunnskapsgrunnlaget for fugl som tilstrekkeleg og i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Departementet har under punkt 3.1 ovanfor vurdert kunnskapsgrunnlaget i saka som tilfredsstillande med unntak for kunnskapen om trekkande fugl. Departementet legg til grunn at eit vindkraftverk både vil føret til ein viss fare for kollisjonar, og at det kan påverke fugl negativt i form av støyverknader. Departementet meiner at det på bakgrunn av eksisterande undersøkingar er usikkert kva slags verknader vindkraftverk har på fugletrekk. Departementet legg difor til grunn at vindkraftverket kan medføre risiko for kollisjon med trekkande fugl. Departementet syner i denne samanheng til ein rapport som NINA har utarbeidd som ein del av ein strategisk konsekvensanalyse av tekniske og miljømessige omsyn ved eventuell etablering av vindkraftverk til havs i Noreg (NINA rapport nr. 825). I arbeidet med rapporten blei det gjort radarundersøkingar av fugletrekk ved kysten nær Bremangerlandet. Resultata tyder på at deler av fugletrekket kjem inn over Bremangerlandet og vidare sørover mot ytterkanten av Guleslettene i vest og nordvest. I kva grad fuglane trekk gjennom sjøve planområdet, og om nokre av turbinane i prosjektet vil kunne få store negative konsekvensar for fugletrekket er usikkert. Departementet meiner difor at det er behov for forundersøkingar gjennom minimum ein sesong (vår og haust) for å kartlegge betre fugletrekk i vestlege og nordvestlege delar av planområda. Resultata av undersøkingane skal vurderast og inngå i detaljplanlegginga for eventuelle naudsynte endringar i planområdet eller tilpassingar i drifta av turbinane av omsyn til trekkande fugl.

Verdien av sjøve planområdet til Guleslettene for fugl er vurdert som middels negativ konsekvens i fagutgreiinga. Det er registrert fleire raudlista fugleartar i plan- og influensområdet til Guleslettene vindkraftverk, men òg fugleartar som ikkje er raudlista vil kunne bli påverka av vindturbinane og anleggsarbeida. Elles er området i fagutgreiinga karakterisert som relativt artsfattig. Fylkesmannen uttalar at talet på hekkplassar for fugl utsett for kollisjon i influensområdet er stort, men peiker på at Guleslettene er eit stort og karrig fjellplata med dårleg næringsgrunnlag for rovfugl.

Makrellterne er raudlista som sterkt trua, og arten er registrert nord for Slettevarden i 1980. Fagutgreiinga peiker på at det er sannsynleg at den òg bruker området i dag. Det er ikkje registrert hekkande makrellterne i planområdet, verken blant lokalkjente eller under feltsynfaring. Rune Nordbotten skriv i høyringsfråsegna at det ikkje er observert makrellterne i området på mange år, og at det ikkje er sannsynleg at arten finst her. Departementet meiner at det er mindre truleg at arten hekkar i planområdet. I anleggsperioden skal det i alle høve takast omsyn til hekkande sårbare og trua fugleartar. Departementet kan ikkje sjå at vindkraftverket vil true forvaltningsmåla for makrellterne.

Fiskemåka (nær trua) er registrert nord for Slettevarden i 1989, men blei ikkje påvist under feltarbeidet. Fagutgreiinga peiker på at det er sannsynleg at den er i området òg i dag. Arten er vanleg i Noreg, og vindkraftverk reknast ikkje som eit vesentleg trugsmål for fiskemåke.

Ifølge konsekvensutgreiinga er det sannsynlig at det finst stær i dei lågtliggande delane av influensområdet. Stæren er raudlista som nær truga. Det kjem fram av konsekvensutgreiinga at stær er relativt vanleg i kulturlandskapet langs fjorden. Fagutgreiinga peiker på at planområdet for Guleslettene vindkraftverk ikkje er attraktivt for næringssøk eller hekking for arten. Departementet meiner difor at vindkraftverket ikkje vil påverke bestandsutviklinga, sjølv om kollisjonar for enkeltindivid kan finne stad.

Jaktfalken er raudlista som nær truga og har status som norsk ansvarsart. Jaktfalk er i følge fagutgreiinga sporadisk i planområdet, og bruker sannsynlegvis området til jakt. Konsekvensutgreiinga har vurdert at det er lite sannsynleg at arten hekkar i planområdet, men i influensområdet er det eigna hekkelokalitetar. Jaktfalk er utsett for kollisjonar med vindturbinar.

Hønehauken er raudlista som nær truga. Arten er vanleg i Sogn og Fjordane. Departementet konstaterer at det ikkje er registrert hekkelokalitetar i planområdet, og at hønehauken har ei flyhøgde som tilseier at den er lite utsatt for kollisjon med vindturbinar. I følge lokalkjente er hønehauken sporadisk å sjå i området. NVE har lagt til grunn at det ikkje er registrert hekkelokalitetar i området.

Det er ein kjent hekkelokalitet for kongeørn om lag 500 meter frå planområdet. I følge fagutgreiinga brukar arten heile planområdet til jakt. Naturvernforbundet har peika på at kongeørn nyttar luftstraumane til å kome seg opp i høgde når dei skal på næringssøk, og at dei difor vil stå i fare for å kollidere med turbinane. Unge kongeørnar streifar mykje rundt før dei hekkar, og kollisjonsfara for ungfugl er difor stor. Arten var i 2008 oppført som nær trua, men blei tatt ut av raudlista i 2010. Anleggsarbeid kan medføre forstyrring for hekkande fugl, og hekkelokaliteten nær planområdet kan bli påverka. Departementet peiker på at arten er rekna som livskraftig, og meiner at vindkraftverket ikkje vil påverke bestandsutviklinga sjølv om det kan medføre forstyrring for éin hekkelokalitet og gi kollisjonsrisiko for enkeltindivid.

Det er fem kjente hekkeplassar for havørn innan 3,5 km frå planområdet. Havørn er ikkje på raudlista. I følge fagutgreiinga er planområdet lite nytta til næringssøk for havørn. Naturvernforbundet har peika på at havørn nyttar luftstraumane til å komme seg opp i høgde når dei skal på næringssøk, og vil stå i fare for å kollidere med turbinane. I følge Fylkesmannen er planområdet lite eigna til næringssøk for havørn. Fylkesmannen har vurdert det som sannsynleg at dei hekkande havørnane i influensområdet i større grad jaktar i mindre karrige strøk enn på Guleslettene. Sjølv om det kan førekoma kollisjonar med vindkraftverket for enkeltindivid, vil Guleslettene vindkraftverk slik departementet ser det ikkje påverke den lokale bestandsutviklinga av havørn.

Storlom har blitt observert rundt vatna i planområdet, og det er mogeleg at den hekkar der. Storlom var tidlegare på raudlista som nær truga, men er no rekna som livskraftig. Vatna i

området er i utgreiinga beskrivne som mindre eigna som hekkelokalitet for storlom. NVE har lagt til grunn at storlom flyr i relativt lav høgde, og difor ikkje er spesielt utsatt for kollisjonar med vindturbinar. Storlom kan ved eventuell hekking i området bli forstyrta som følge av anleggsarbeid og aktivitet knytt til drift og vedlikehald av vindkraftverket. Sjølv om det er mogeleg at dei aktuelle vatna ikkje er særleg eigna hekkelokalitetar for storlom, og det ikkje er kjent at arten hekkar i planområdet, meiner departementet det bør takast omsyn til hekkande storlom i anleggsperioden.

Strandsnipe blei første gong registrert nord for Slettevarden i 1989. I samanheng med konsekvensutgreiinga og oppdateringa av denne, blei det registrert strandsnipe i den sør-austre del av planområdet ved Myklebustfjellet og ved Kupevatnet. Arten var tidlegare på norsk raudliste som nær truga, men er no rekna som livskraftig. Det er mogeleg at den hekkar ved Kupevatnet eller Langevatnet. Arten hekkar til vanleg i eit godt skjerna reir ved strandkanten. Støy frå anleggsarbeida kan forstyrre arten i hekkeperioden.

Det er opplyst i konsekvensutgreiinga at lirype er registrert i store delar av planområdet. I følge lokalkjente har det vore ein nedgang i rypebestanden dei seinare åra. Erfaringar frå Smøla og Hitra syner at liryper er utsatt for kollisjonar med vindturbinar, men det er ikkje registrert at lirype unngår planområdene eller får ein nedgang i bestanden som følge av desse vindkraftverka.

Det kjem fram av konsekvensutgreiinga at det er kjent at orrfugl brukar områdene rundt Langevatnet og Kupevatnet. Det er ikkje planlagt vindturbinar i området rundt Kupevatnet og i den sørlege delen av Langvatnet, og departementet meiner det ikkje er grunn til å tru at orrfugl som held til her vil sky området. Fagutgreiinga peiker på at det er sannsynleg at orrfugl brukar ein større del av planområdet, og det vil difor være ein viss fare for kollisjonar med vindturbinane. Orrfugl er rekna som livskraftig.

Departementet syner til fråsegnene frå Miljødirektoratet og Fylkesmannen om ikkje å tillate turbinar i den vestlege delen av planområdet av omsyn til fugl. NVE har peika på at vindkraftverket dels skal byggast i eit område som er gitt middels konfliktpotensial i regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane, og at utbygging av store delar av Guleslettene vindkraftverk dermed er i tråd med planens tilrådingar. Når det gjeld den vestlege delen av planområdet, har utbygginga ikkje støtte i planen. Fleire ulemper vert redusert dersom den vestlege delen av vindkraftverket blir teken ut av prosjektet. Det er av fleire høyringspartar føreslått ulike tilpassingar. Departementet meiner at dei føreslåtte reduksjonane vil gripe inn i store delar av vindkraftverket, og redusere fordelane ved prosjektet for mykje. I kva grad desse delane av planområdet kan nyttast, skal vere basert på forundersøkingar av trekkande fugl. Resultata av undersøkingane skal vurderast bli beskriven i Miljø- transport og anleggsplan, der naudsynnte endringar i planområdet og tilpassingar skal gjerast av omsyn til trekkande fugl. NVE skal godkjenne den endelege plasseringa av turbinane og eventuelt pålegge periodar med stans i drift om naudsynt. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skal ha planen til uttale før NVE godkjenn. Departementet syner til det som tidligare er omtalt om dette vilkåret.

Slik departementet ser det vil ikkje tiltaket påverke bestandsutviklinga av nokre av dei raudlista fugleartane, sjølv om vindkraftverket kan utgjere ein kollisjonsrisiko for enkeltindivid. Med vilkår om forundersøkingar og eventuelle avbøtande tiltak, meiner departementet at vindkraftverket ikkje vil påverka bestandane i så stor grad at det er i strid med forvaltingsmåla for artar etter naturmangfoldlova.

3.5 Kulturminne

I følge FNF ligg det fleire faktafeil til grunn for vurderinga frå NVE av verknader for kulturminne og kulturmiljø. Dette gjeld påstanden frå NVE om at vindkraftverket ikkje vil vere synleg frå Stakaneset eller kulturhistoriske lokalitetar sørvest og sør for planområdet. Kartet viser 1-12 synlege turbinar ved Stakaneset, og 13-24 synlege turbinar frå fleire av krigsminna sørvest for Florø sentrum.

I fagutgreiinga for kulturminne og kulturmiljø er planområdet gitt liten verdi for kulturminne og kulturmiljø. Det er ikkje kjente automatisk freda kulturminne i planområdet, og potensialvurderinga syner middels potensiale for funn. I influensområdet er det fleire verdifulle kulturminne.

Departementet konstaterer at det er den visuelle verknaden frå dei ulike miljøa og kulturminna som utgjer konflikten med Guleslettene vindkraftverk. Kulturmiljøet i Botnane blir i fagutgreiinga karakterisert som eit samla kulturlandskap med eit stort gravrøysmiljø og tydelege spor etter tidlegare bruk tilbake til bronsealderen. Vindkraftverket vil i følge fagutgreiinga vere dominerande sett frå Botnane, og bidra til å svekke den historiske samanhengen mellom kulturmiljøet og dette området. Frå helleristingsfeltet i Ausevik kan det bli opp til tolv synlege turbinar med ein avstand på om lag 15 km. Sørvest og sør for planområdet vil turbinane vere lite synlege frå kulturhistoriske lokalitetar. Nord for planområdet er det særlege verdifulle gardsbygg ved Midtgulen og Ytrehus som vil få utsyn til opptil 24 turbinar frå gardstuna.

Vindkraftverket er vurdert i fagutgreiinga til samla å gi middels verknader for kulturminne og kulturmiljø med konfliktkategori C frå Direktorat for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet) og Riksantikvaren. Konfliktkategorien er grunna i visuelle verknader for fleire gardsmiljø med eldre bygg og eit stort gravrøysmiljø. Vindkraftverket vil vere synleg frå dei nasjonalt viktige kulturminneområda Stakaneset og Ausevik. Konfliktgraden kan bli redusert dersom tiltaket ikkje blir synleg frå desse stadane. FNF hevdar det ikkje er riktig det NVE skriv i Bakgrunn for vedtak at turbinar ikkje vil kunne sjåast frå Stakaneset. Departementet vil i denne samanheng peike på at fagutgreiinga konstaterer at turbinar ikkje vil vere synlege frå steinbrotet på Stakaneset. NVE skriv i vurderinga av klagane at dei ikkje kan sjå vekk i frå at det kan bli synlege vindturbinar ved Stakaneset. NVE vurderer likevel at eventuelle visuelle verknader vil være små ved Stakaneset fordi avstanden til vindkraftverket er nesten ti kilometer. Departementet sluttar seg til vurderinga frå NVE på dette punktet.

For fleire av kulturminna og -miljøa vil ikkje dei visuelle verknadene vere dominerande, då turbinane ligg fleire kilometer unna. At turbinane kan sjåast frå fleire lokalitetar, er ikkje det same som at lokalitetane blir vesentleg negativt påverka visuelt sett. Departementet meiner at

for kulturmiljøa i Botnane, Midtgulen og Ytrehus vil vindkraftverket gi visuelle verknader av ein noko større art, men finn at dette i seg sjølv ikkje er til hinder for å gi konsesjon.

3.6 Sakshandsamingsfeil

FNF hevdar at forskingsprosjektet ”Overvåking av langtransportert forurenset luft og nedbør” der Langevatnet ved planområdet inngår som del av datagrunnlaget, ikkje er omtala i ”Bakgrunn for vedtak”, og at dette er ein sakshandsamingsfeil. FNF synar til ein rapport frå NIVA der Langevatnet er omtalt.

NVE skriv i vurderinga av klaga at søknaden om Guleslettene vindkraftverk har vore på høyring hos Miljødirektoratet, og at direktoratet ikkje har omtala forskingsprosjektet i fråsegna. Etter vurderinga frå NVE vil det ikkje være vesentleg fare for forureining frå anlegget. Departementet meiner at NVE har vore merksam på problemstillinga, og kan ikkje sjå at ei utbygging av vindkraftverket på Guleslettene vil påverke forskingsprosjektet i særleg grad. Omsynet til nedbørsfeltet til Langevatnet skal vurderast i detaljplanlegginga. Departementet finn ikkje at handsaminga til NVE av dette spørsmålet inneber nokon feil.

3.7 Klaga frå Stein Malkenes

Malkenes er bekymra for drikkevasskjelda si, og tek opp spørsmål rundt eigedomstilhøva. Departementet meiner at spørsmål om uavklara eigedomstilhøve er ei privatrettsleg sak, og ikkje noko energistyresmaktene tek stilling til.

Malkenes har privat drikkevasskjelde ved Nordalsfjorden syd for planområdet. Han er bekymra for at turbinane rundt Slettevarden skal forureine drikkevatnet. Han ynskjer at turbinane som står i nedslagsfeltet til drikkevasskjelda han får vatn i frå, skal fjernast eller flyttast. Nedslagsfeltet strekk seg opp til Slettevarden.

Kva gjeld drikkevasskjeldene Keipevatnet og Terdalselva er fara for forureining slik departementet ser det, svært liten.

Departementet syner til vilkår 14 i anleggskonsesjonen frå NVE. I nedslagsområdar for offentlege og private drikkevasskjelder skal omfanget av anleggsutbygging, medrekna planer for vegbygging, konkret plassering av vindturbinar og andre installasjonar, leggst fram for vassverkseigar og partar for fråsegn og deretter for Mattilsynet for særskilt vurdering.

Som del av miljø-, transport- og anleggsplanen skal konsesjonæren, i samarbeid med vassverkseigar, andre partar og Mattilsynet, avklare tiltak som skal settast i verk for å sikre drikkevasskjeldane både i anleggs- og driftsperioden. Planen skal godkjennast av NVE. Risikoen for forureining av drikkevasskjeldene vil bli vurdert. Utbygginga av vindkraftverket vil følge retningslinene i detaljplanen. Dersom drikkevasskjelder likevel blir forureina under utbygginga eller drifta av vindparken, vil GVAS ha ansvar for å skaffe tilgang til reint drikkevatn.

Departementet meiner drikkevasskjelda til Malkenes er tilstrekkeleg sikra med desse vilkåra i konsesjonen.

3.8 Nett-tilknytninga

Det vil bli lagt jordkabler i grøfter langs vegskuldra ved internvegane mot ny transformatorstasjon sentralt plassert i vindkraftverket. Derfrå først produksjonen i 132 kV jordkabel fram til koplingsstasjon mot regionalnettet ved Magnhildskaret. SFE Nett AS har fått konsesjon frå NVE for å oppgradere regionalnettet frå Magnhildskaret til Svelgen. Dette vedtaket er det klaga på, og det blir handsama som eiga sak. Ved Magnhildskaret er det òg planlagt eit servicebygg for vindkraftverket.

3.9 Tilhøvet til naturmangfaldlova og samla belastning

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggst til grunn som retningslinjer ved handsaming etter energilova. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli påverka av ei utbygging.

Påverknaden på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Når fleire tiltak i eit område samla kan få vesentlege verknader, skal ein vurdere dei kumulative effektane av tiltaket saman med andre gjennomførte og planlagde tiltak i influensområdet til utbyggingstiltaket.

I tråd med retningslinjene for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg bør ein samle vindkraftutbygginga i staden for å drive spreidd utbygging av mindre anlegg. Dei same omsyn tilseier òg at vindkrafta bør samlast til område som allereie er prega av inngrep. Ei samla utbygging i område med andre inngrep må likevel vere forsvarleg av omsyn til naturmangfaldet, slik at den samla belastninga ikkje blir for stor.

Mindre eller enkeltvise tiltak vil ofte kvar for seg ikkje ha stor verknad for den samla belastninga på naturmangfaldet, så lenge særlege trua artar eller naturtypar ikkje blir skada. Legg ein summen av tiltak saman, kan den samla belastninga over tid likevel bli så stor at det ikkje er mogeleg å oppretthalde eller nå forvaltningsmåla, slik dei er fastsett for naturtypar, økosystem og artar.

Når departementet vurderer den samla belastninga på økosystemet, tar departementet utgangspunkt i trua og nært trua artar og naturtypar og områder som er viktige for desse.

Det er planlagt fleire vindkraftverk langs kysten av Sogn og Fjordane. I Bremanger kommune har Hennøy vindkraftverk (50 MW) fått konsesjon. Avslaget frå NVE på søknaden om Bremangerlandet vindkraftverk (80 MW) er til handsaming i departementet. Nord for Bremanger ligg Mehuken vindkraftverk (23 MW) som er i drift. Vågsvåg vindkraftverk (24 MW) har fått konsesjon av NVE, men er klaga inn til departementet. Okla vindkraftverk (21 MW) og Testområdet Stadt i Selje kommune, har begge fått endeleg konsesjon. Av nemnte prosjekt ligg Bremangerlandet og Hennøy innafor definert influensområde (inntil 20 km) til Guleslettene vindkraftverk.

Fugl trekk truleg over vestre del av planområdet. Ved realisering av alle dei vindkraftverka som er til handsaming eller som har fått konsesjon i regionen, meiner departementet at det er

sannsynleg at det blir økt fare for kollisjonar for enkeltindivid av fugl som trekk langs kyststripa. Departementet syner i denne samanhengen til vilkår om forundersøkingar av fugletrekk som skal leggjast til grunn i detaljplanlegginga.

Slik departementet ser det har NVE i tilfredsstillande grad vurdert og vektlagt prinsippa i naturmangfaldlova i grunngivinga for vedtaket om Guleslettene vindkraftverk.

Departementet er innforstått med at vindkraftverket vil medføre irreversible inngrep i landskapet, for eksempel i form av vegar fram til og inne i planområdet, men meiner at dette er inngrep som fyrst og fremst vil gi lokale verknader for landskapet. Verknadene for landskapet ved oppføring av turbinar er i stor grad reversible.

Departementet kan ikkje sjå at etablering av vindkraftverket er i strid med forvaltningsmåla for naturtypar, økosystema eller planteartar. Departementet syner til vilkåret om miljø-, transport- og anleggsplan der det skal gjerast greie for om mogelege ulemper for artar, naturtypar og vegetasjon kan reduserast ved plantilpassingar. Det skal og gjerast tilpassingar dersom resultata frå radarundersøkingane gjer det naudsynt. Etter ei samla vurdering av vindkraftverket, medrekna dei eksisterande tiltaka i området, finn departementet at tiltaket vil ha akseptable negative konsekvensar for flora og fauna.

På denne bakgrunn meiner departementet at den samla påverknaden økosystemet blir utsatt for, ikkje vil vere til hinder for å gi konsesjon til Guleslettene vindkraftverk.

4 Samla vurdering og konklusjon

Guleslettene vindkraftverk vil gi ein årleg produksjon på 420-460 GWh ny fornybar energi til ein relativt låg investeringskostnad, sett i samheng med andre vindkraftverk i Noreg. Tiltaket vil òg gi positive ringverknader lokalt og varige inntektar til søkaren og kommunen. Planområdet er godt eigna for vindkraftproduksjon, og berekningar av kraftproduksjon og kostnader til investering og drift tilseier at Guleslettene vindkraftverk er eit prosjekt med gode økonomiske føresetnader samanlikna med andre vindkraftprosjekt i Noreg.

Bremanger og Flora kommunar og Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til tiltaket. Ein større del av planområdet ligg i eit område som i regional plan for vindkraft er gitt middels konfliktpotensial. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at vindkraftverket vil vere akseptabelt med unntak av den vestlege delen av planområdet.

I samband med klagesakshandsaminga ba departementet NVE om ei vurdering av dei økonomiske føresetnadane for vindkraftverka i regionen, medrekna kostnader i bakanforliggende regionalnett. For Guleslettene vindkraftverk konkluderte NVE med at kostnader for nett-tilknytninga ikkje rokka ved samfunnsøkonomien i prosjektet. Prosjektet kan dokumentere gode vindmålingar, og det er berekna gode produksjonstall for driftsfasen.

Departementet har vurdert ulempene knytta til etablering av Guleslettene vindkraftverk, medrekna særleg friluftsliv, landskap og fugletrekk. Det er planlagt fleire vindkraftverk langs

kysten i Sogn og Fjordane. Dersom alle prosjekta blir realisert, vil dei samla visuelle verknadene vere store frå hav- og fjordområdene og i ytre kystsone. Dette vil mellom anna kunne få verknad for opplevingar knytt til reiseliv, friluftsliv og ferdsel og ikkje minst til landskapet.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytten ved tiltaket er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåra for konsesjon er oppfylt, jf. energiloven § 3-1, jf. § 1-2.

Det blir stilt følgjande vilkår i anleggskonsesjonen:

"Det skal gjennomføres for- og etterundersøkelser for å kartlegge fugletrekk i vestlige og nordvestlige deler av planområdene. Resultatene av forundersøkelsene skal beskrives i detaljplan/Miljø- transport og anleggsplan, der også eventuelle nødvendige endringer i planområdet eller driften av turbinene av hensyn til trekkende fugl skal beskrives. Eventuelle slike nødvendige endringer og tilpasninger i planområdet av hensyn til trekkende fugl skal gjennomføres på bakgrunn av disse resultatene, og inngå i Miljø- transport og anleggsplan. Planen skal godkjennes av NVE. NVE skal forelegge planen for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for uttalelse før godkjenning. Områdene som er omfattet av dette vilkåret er i vest og nordvest, de områdene som omfatter de nåværende turbinpunktene 1-5, det vil si nord for Fossedalsegga, og 14-17, det vil si vest for strekket Smådalene - Storemyr. Program for undersøkelsene godkjennes av NVE"

5 Oreigning

Departementet viser til vurderinga av konsesjonsspørsmålet etter energilova. Dei samfunnsmessige fordelane knytt til Guleslettene vindkraftverk er tvillaust større enn skader og ulemper ved utbygginga. Departementet gir Guleslettene Vindkraft AS løyve til oreigning til Guleslettene vindkraftverk med tilhøyrande nettanlegg, jf. oreigningslova § 2 andre ledd, jf. § 2 pkt. 19.

Løyvet til oreigning fell bort om skjøn ikkje er kravd innan eit år etter at endeleg vedtak er fatta, jf. oreigningslova § 16.

Departementet føreset at tiltakshavar søker å kome fram til minnelege ordningar med grunneigarar/rettshavarar som tiltaket kan få verknader for.

Guleslettene vindkraftverk AS søker og i medhald av oreigningslova § 25 om samtykje til å sette i gang arbeid før skjøn er halde. Departementet vil ikkje avgjere søknaden før skjøn er kravd.

6 Vedtak

NVE sitt vedtak av 8. oktober 2014 om konsesjon og løyve til oreigning blir stadfesta med det tilleggsvilkår som følger under punkt 4 ovanfor.


Departementet ber NVE utarbeide oppdaterte konsesjonsdokument.

Dette vedtaket kan det ikkje klagast på, jf. forvaltingslova § 28, tredje ledd, første punktum.

Med helsing



Trond Ulven Ingvaldsen (e.f.)
avdelingsdirektør



Tollef Taksdal
underdirektør

Kopi til:

Bremanger kommune
Flora kommune
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Riksantikvaren
SFE Nett AS
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Norsk ornitologisk avdeling
Sogn og Fjordane turlag
NVE
Guleslettene Vindkraft AS

Adresseliste

Forum for natur og friluftsliv, Sogn og Fjordane	Sognefjordveien 40	6863	LEIKANGER
Stein Malkenes	Digreneset 40	6900	FLORØ